


# POST 1



**Kva slags reknestykke kan dette vere?**

$$4a^8b^4$$



Skriv reknestykket og finn svaret.



# POST 2



Sofia får 2 % rente kvart år på pengane,  $P$ , ho har i banken.

**Kva slags rekneuttrykk viser kor mange pengar ho har i banken etter 8 år?**

- A**  $P \cdot 1,02^8$
- B**  $P \cdot 0,02 \cdot 8$
- C**  $P + 1,02^8$
- D**  $P + 2 \% \cdot 8$

# POST 3






**Kva må liggje i den tomme skåla for at den siste vekta skal vere i balanse?**



# POST 4



Her er eit figurmønster:



Figur 1

Figur 2

Figur 3

Figur 4

- **Kor mange små kvadrat består figur 5 av?**
- **Kva med figur 7?**
- **Og kva med figur 10?**
- **Finn ein formel for kor mange små kvadrat ein kva som helst slags figur består av.**

# POST 5



Hemmeleg ord:


E C M K C R P G

**Bruk alfabetet til å finne ordet.**

A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T
U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø	Å	



# POST 6




$$\text{cupcake} + \text{cupcake} + \text{cupcake} + \text{drink} = 125 \text{ kr}$$

$$\text{cupcake} + \text{cupcake} + \text{drink} + \text{drink} = 110 \text{ kr}$$


- **Kor mykje kostar** ?
- **Kor mykje kostar** ?




# POST 7



Sjå på grafane.



A




B


Kva slags idrettar kan grafane beskrive?




# POST 8



Kven skal ut?








# POST 9



## Graf og funksjonsuttrykk

Kven høyrer saman?



1  $y_1 = 4x + 7$

3  $y_3 = 3x^2 + 1$

2  $y_2 = 2x^2 - 3$

4  $y_4 = -x + 7$





# POST 10



**Kva er likt?**


**Kva er ulikt?**




# POST 11




Om svaret er 2, er ruta rosa.




Kva slags figur er riktig?




A




B



C




D



E




# POST 12



Figuren viser tre kvadrat med areal  $9 \text{ cm}^2$ ,  $16 \text{ cm}^2$  og  $25 \text{ cm}^2$ .


**Kor stort er arealet til det rosa området?**



- A**  $50 \text{ cm}^2$
- B**  $40 \text{ cm}^2$
- C**  $30 \text{ cm}^2$
  
- D**  $20 \text{ cm}^2$
- E**  $12 \text{ cm}^2$



# POST 13



Ane, Betty og Carla har kvar sin stein som enten er raud eller grøn. Alle tre lyg.

**Ane seier:**

Steinen min har same farge som steinen til Betty.

**Betty seier:**

Steinen min har same farge som steinen til Carla.

**Carla seier:**

To av oss, ikkje fleire og ikkje færre, har ein raud stein.

**Kva for ei utsegn er riktig?**

- A** Steinen til Ane er grøn.
- B** Steinen til Betty er grøn.
- C** Steinen til Carla er raud.
- D** Steinen til Ane har ein annan farge enn steinen til Carla.




# POST 14



Diagrammet viser nedbør i Bergen ei veke i mai i 2018 og 2019.

## Kva slags utsegn er riktige?



- A** Dagen med mest nedbør i 2018, var 15. mai.
- B** Det regna heile døgnet 15. mai 2019.
- C** Gjennomsnittleg nedbør denne veka i 2018 var omrent 20 mm.
- D** I mai regnar det alltid i Bergen.
- E** Det regna omlag like mykje denne veka i 2018 som i 2019.



# POST 15



Tala frå 1 til 6 skal du plassere éin gong i kvar rad,  
éin gong i kvar kolonne og éin gong i kvar boks.

**Kva for eit tal skal stå i den gule ruta?**

1		5			
4	2				
		4			5
2			1		
				3	4
	4		6		1

# POST 16



Summen av fire tosifra tal er 352.  
Same bokstav står for same siffer.

$$AA + AB + BA + BB = 352$$

**Kva slags verdi har A + B?**





# POST 17



## Kor lang tid?

Elevane skal finne ut kor lang tid dei vil bruke på å gå frå Flatiron Building til Metropolitan Museum i New York.

Google Maps viser følgjande:



- Kor lenge er 1 minutt? Elevane står på linje og tar eitt skritt fram når dei trur det har gått 1 minutt.
- Kor langt går du på 1 minutt?
  - Elevane må gjere ei estimering over kor langt dei trur dei går.
  - Gå med vanleg gangfart.
- Kor langt går du på 5 minutt?
- Rekn ut kor lang tid du vil bruke på å gå oppgjeven distanse i New York.
  - Gje elevarket til elevane.



# POST 18



## Lik avstand

- Lag ein likesida trekant med sidelengde 1.
  - Marker alle punkt som ligg med avstand 1 frå to av hjørna.
  - Kor mange punkt finn de?
  
- Lag eit kvadrat med sidelengde 1.
  - Marker alle punkt som ligg med avstand 1 frå to av hjørna.
  - Kor mange punkt finn de?



# POST 19



## Kor høgt?

- Ta utgangspunkt i eit tre, ein stolpe, ein bygning, e.l.
- *Elevane diskuterer og blir einige om:*
  - Kva er det minste antal meter det kan vere?
  - Kva er det største antal meter det kan vere?
  - Kva for eit tal ligg midt imellom dei to tala?

Gjenta aktiviteten med ulike høgder.



# POST 20



## Geometriske figurar

Lag eit rektangel.

Lag eit nytt rektangel som har dobbelt så stort areal.

Lag eit kvadrat.

Lag eit nytt kvadrat som har dobbelt så stort areal.

